



Arkivnr: 2016/1940-44

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland - Del 1

Bakgrunn for saka:

**Forvaltningsrevisjonsrapport innan innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland fylkeskommune – Del 1 vart handsama i fylkestinget 13.12.2016 der det vart gjort slikt vedtak:**

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan «innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular i Hordaland» ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:

- At pågåande ulovlege innkjøp ved skulane som er påpeikt i rapporten vert avslutta og gjennomført med konkurranse i samsvar med krava i regelverket. I dette ligg det også:
  - At det snarast vert etablert kontrollrutinar ved skulane for å avdekke og følgje opp eventuelle brot på rutinar og regelverk i innkjøpsarbeidet
  - Å utarbeide prosedyre for innhenting av tilbod frå fleire leverandørar, slik det er lagt opp til i retningslinjene, som einingane kan støtte seg på i gjennomføring av mindre innkjøp
- Å utarbeide retningsliner for dokumentasjon og kontroll av kontantsal, og sørge for at kontantsal blir handtert i samsvar med krav i bokføringsforskrifta
- Å utarbeide:
  - Oversikter over varelager og rutinar for vareteljing
  - Oversikter over maskiner og utstyr
  - Eit formalisert system for utlån og utleige av maskiner og utstyr
  - Oppdaterte retningsliner knytt til utlån, utleige og avhending, og sikre at skulane vert gjort kjende med retningslinene
- Å vurdere å innføre retningsliner knytt til kven som kan kjøpe inn varer ved skulane som omfattar:
  - Kven som har høve til å kjøpe inn varer og tenester til skulen, kva typar varer/tenester og beløpsgrenser
  - Krav til kva opplæring dei som har ansvar for innkjøp skal ha
- Å vurdere å setja minimumskrav til opplæring for alle som har fullmakt til å gjennomføre anskaffingar, og vurderer om innkjøpsseksjonen i så fall bør få ansvar for å følgja opp minimumskrava til opplæring

i fylkeskommunen

6. Å vurdere om det er mogleg å finna betre metodar for å innhenta meir pålitelege data for måtalet «andel kjøp innanfor avtale»»
7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.2.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

**Handlingsplan i tråd med punkt 7 i vedtaket over vart handsama i møte i kontrollutvalet 13.02.2017 der det vart gjort slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland fylkeskommune – Del 1.
2. På bakgrunn av at det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig innan utgangen av første halvår 2017, ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.8.2017.

Drøfting:

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.*

*Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»*

**Det er no motteke ny skriftleg status i høve punkt 2 i vedtaket i kontrollutvalet 13.02.2017 og svaret ligg ved.**

Sekretariatet ser positivt på det forbetningsarbeidet som er gjennomført i samband med oppfølging av forvaltningsrevisjon innan innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland – Del 1. På bakgrunn av den mottekte tilbakemeldinga vert det registrert at forbetningsarbeidet etter denne forvaltningsrevisjonen i hovudsak er ferdig gjennomført. Kontrollutvalet held som kjent på med forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2 som etter planen skal handsamast i fylkestinget i mars 2018.

Konklusjon:

På bakgrunn av at det som går fram av svaret frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon innan innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland – Del 1, vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med svaret. Vidare oppfølging av forbetningsarbeidet vert å koma tilbake til i samband med forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2, når den i si tid er ferdig handsama i fylkestinget.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon innan innkjøp i vidaregåande skular i Hordaland – Del 1. Vidare oppfølging av forbetningsarbeidet vert å komme tilbake til i samband med forvaltningsrevisjon innan innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular – Del 2, når den i si tid er ferdig handsama i fylkestinget.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift.*

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon jordbruksskulane
- 2 Kassasystem - vedlegg
- 3 Rutinar for sal og avhending av utstyr - vedlegg
- 4 Varetellingsliste - vedlegg